

Til

Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylke den 25.mars 2021  
v/ leiar

**Skriftlege spørsmål om likestilling i idretten og arrangementstilskot til større nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap.**

Idrettslag og særforbund kan søkje Vestland fylkeskommune om tilskot til junior- og seniormeisterskap som skapar engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet. Aktuelle søkerar er mellom andre idrettslag med adresse i Vestland.

I retningslinene for søker om tilskot til slike arrangement er det formulert ulike kriterier for vurdering av søkeren, mellom anna er det eit krav at arrangør har ein klår og tydeleg miljøprofil og krav om kommunal medveknad. I søkerkriteria er det ikkje nemnt likestillingsprofil.

Mykje har skjedd sidan 1979 då FN sin kvinnekonvensjon blei vedtatt av FN si generalforsamling, og i ettertid er det mange land som har tatt grep mot kjønnsdiskriminering. I dag er det framleis vesentleg kjønnsdiskriminering mellom kvinner og menn innan idretten. Idrettsforbundet har til dømes mål om å auke andelen kvinneleg medlemsskap, kvinnelege dommarar og kvinnelege trenrarar for å nemne noko.

Den siste tida har det vore fokus på diskriminering av kvinner når det gjeld mellom anna pengepremiar og skiflyging. Andre områder ein ser diskriminering er mellom anna kleskode, innan enkelte idrettar må kvinner framleis gå lettkledde. Ei anna bekymring innan idretten er omfang av seksuell trakassering og overgrep (gjeld begge kjønn). Det er med andre ord langt igjen til at det er full likestilling innan idretten. Den viktigaste arbeidet fram mot full likestilling er det sjølvsagt særforbunda sjølv som må stå for, men andre aktørar kan og bør vere med å påverke. Vestland fylkeskommune må ved revidering av tilskotsordninga til idrettsarrangement presisere likestillingsperspektivet.

Eit likestilt idrettssamfunn på alle nivå er eit trygt og rettferdig idrettssamfunn !

**Spørsmål 1:** Støttar utvalsleiaren desse vurderingane om eit likestilt idrettsamfunn på alle nivå i Vestland fylke?

**Spørsmål 2:** Kan utvalet / fylkeskommunen krevje at eventuelle pengepremiar er likestilte for kvinner og menn ved tildeling av tilskot til idrettsarrangement ?

**Spørsmål 3:** Korleis kan utvalet / fylkeskommunen legge betre til rette for likestilling innan idretten ?

Med helsing

Terje Kollbotn (Raudt)